




Kultur og kirke departementet  
Kirkeavd, Postboks 8030 Dep

0030 OSLO



## PARTSBREV

### Staten og Den Norske Kyrkje høring

Det er gjort følgjande vedtak i sak 150/06:

#### Framlegg til vedtak:

1. *Time kommune tilrår at dagens ordning med statskyrkje held fram. Vidare at dagens finansieringsordning i hovudtrekk held fram.*
2. *Time kommune tilrår at kommunane overtek gravferdsforvaltninga.*
3. *Time kommune tilrår at sokna framleis skal vera eigar av kyrkja.*
4. *Time kommune meiner at det ikkje er rett å stilla krav om at kommunen sitt medlem i kyrkjeleg fellesråd skal vera medlem av Den norske kyrkja. Ein ber om at føresegna til kyrkjelova § 29 blir endra på dette punktet.*
5. *Time kommune meiner at kyrkjelova §33 må opphevast og at staten overtek fullt ansvar for dei prestebustadene som staten måtta ha bruk for til sine tilsette.*

#### **Plan- og økonomikomiteen**

##### Fellesforslag frå KrF og FrP v/Kjell Ragnar Thu KrF:

1. Time kommune tilrår at dagens ordning med statskyrkje vert avvikla.
2. Time kommune tilrår at kommunane overtek gravferdsforvaltninga.
3. Time kommune meiner at den lokale kyrkja bør eige kyrkjebygga og ha det økonomiske ansvaret.
4. Time kommune meiner at kommunen sitt medlem i kyrkjeleg fellesråd skal vere medlem av Den norske kyrkja.

5. Time kommune meiner at den lokale kyrkja bør eige prestebustadene og ha det økonomiske ansvaret.

Tilleggspunkt.

6. Time kommune meiner at Den norske kyrkja bør vere forankra i Grunnlova.
7. Time kommune meiner at Den norske kyrkja bør finansierast med støtte frå det offentlege med noko medlemsavgift.
8. Time kommune meiner at valordningane bør auke bruken av direkte val til kyrkjias vedtakande organ.
9. Time kommune meiner at Grunnlov og kyrkjelov bør bygge på prinsippet om religionsfridom, det kristne humanistiske verdigrunnlaget og at Den norske kyrkja er ei evangelisk – luthersk kyrkje.

**Forslag frå Torgeir Høien, UAH:**

1. Time kommune tilrår at dagens ordning med statskirke blir avviklet.
2. Time kommune mener at kirken bør være forankret i lov om trossamfunn og bli finansiert gjennom medlemsavgift.

**Forslag frå Anne Brit Ree, Ap:**

Pkt. 2 Time kommune tilrår at kyrkja har gravferdsforvaltninga vidare.

Pkt. 6 Val til sokneråd skal som ei prøveordning vera samtidig og i same lokale som stortings, eventuelt kommuneval/fylkestingsval.

**Avrøysting:**

Pkt. 1: Fellesforslag frå KrF og FrP vart vedtatt med 7 røyster medan 4 røysta for rådmannen sitt framlegg. (H, Ap og 2 Sp).

Pkt. 2: Fellesforslag frå KrF og FrP vart vedtatt med 10 røyster medan 1 røysta for Anne Brit Ree sitt forslag. (Ap).

Pkt. 3: Fellesforslag frå KrF og FrP vart vedtatt med 6 røyster medan 5 røysta for rådmannen sitt framlegg. (2 Sp, Ap, UAH og H).

Pkt. 4: Rådmannen sitt framlegg vart vedtatt med 6 røyster medan 5 røysta for fellesforslag frå KrF og Frp. (2 KrF, 2 FrP og V).

Pkt. 5: Rådmannen sitt framlegg vart vedtatt med 6 røyster medan 5 røysta for fellesforslag frå KrF og FrP. (2 KrF, 2 FrP og V).

Pkt. 6: Fellesforslag frå KrF og FrP vart vedtatt med 8 mot 3 røyster. (Sv, V og UAH).

Pkt. 7: Fellesforslag frå KrF og FrP vart vedtatt med 6 mot 5 røyster. (2 Sp, H, UAH og Ap).

Pkt. 8: Fellesforslag frå KrF og FrP vart vedtatt med 9 mot 2 røyster. (UAH og H).

Pkt. 9: Fellesforslag frå KrF og FrP vart vedtatt med 9 mot 2 røyster. (Sv og UAH).

***PØK-150/06 Vedtak:***

1. *Time kommune tilrår at dagens ordning med statskyrkje vert avvikla.*
2. *Time kommune tilrår at kommunane overtek gravferdsforvaltninga.*

3. *Time kommune meiner at den lokale kyrkja bør eige kyrkjebygga og ha det økonomiske ansvaret.*
4. *Time kommune meiner at det ikkje er rett å stilla krav om at kommunen sitt medlem i kyrkjeleg fellesråd skal vera medlem av Den norske kyrkja. Ein ber om at føresegna til kyrkjelova § 29 blir endra på dette punktet.*
5. *Time kommune meiner at kyrkjelova §33 må opphevast og at staten overtek fullt ansvar for dei prestebustadene som staten måtta ha bruk for til sine tilsette.*
6. *Time kommune meiner at Den norske kyrkja bør vere forankra i Grunnlova.*
7. *Time kommune meiner at Den norske kyrkja bør finansierast med støtte frå det offentlege med noko medlemsavgift.*
8. *Time kommune meiner at valordningane bør auke bruken av direkte val til kyrkjas vedtakande organ.*
9. *Time kommune meiner at Grunnlov og kyrkjelov bør bygge på prinsippet om religionsfridom, det kristne humanistiske verdigrunnlaget og at Den norske kyrkja er ei evangelisk – luthersk kyrkje.*

Med helsing

  
Tone Storesætre  
sekretær

Vedlegg: Saksdokument



## STATEN OG DEN NORSKE KYRKJE HØRING

### Saksgang:

Utval	Saksnummer	Møtedato
Plan- og økonomikomiteen	150/06	21.11.2006

### Framlegg til vedtak:

- Time kommune tilrår at dagens ordning med statskyrkje held fram. Vidare at dagens finansieringsordning i hovudtrekk held fram.*
- Time kommune tilrår at kommunane overtek gravferdsforvaltninga.*
- Time kommune tilrår at sokna framleis skal vera eigar av kyrkja.*
- Time kommune meiner at det ikkje er rett å stilla krav om at kommunen sitt medlem i kyrkjeleg fellesråd skal vera medlem av Den norske kyrkja. Ein ber om at føresegna til kyrkjelova § 29 blir endra på dette punktet.*
- Time kommune meiner at kyrkjelova §33 må opphevast og at staten overtek fullt ansvar for dei prestebustadene som staten måtta ha bruk for til sine tilsette.*

### *Plan- og økonomikomiteen*

#### Fellesforslag frå KrF og FrP v/Kjell Ragnar Thu KrF:

- Time kommune tilrår at dagens ordning med statskyrkje vert avvikla.
- Time kommune tilrår at kommunane overtek gravferdsforvaltninga.
- Time kommune meiner at den lokale kyrkja bør eige kyrkjebygga og ha det økonomiske ansvaret.
- Time kommune meiner at kommunen sitt medlem i kyrkjeleg fellesråd skal vere medlem av Den norske kyrkja.

5. Time kommune meiner at den lokale kyrkja bør eige prestebustadene og ha det økonomiske ansvaret.

Tilleggspunkt.

6. Time kommune meiner at Den norske kyrkja bør vere forankra i Grunnlova.

7. Time kommune meiner at Den norske kyrkja bør finansierast med støtte frå det offentlege med noko medlemsavgift.

8. Time kommune meiner at valordningane bør auke bruken av direkte val til kyrkjas vedtakande organ.

9. Time kommune meiner at Grunnlov og kyrkjelov bør bygge på prinsippet om religionsfridom, det kristne humanistiske verdigrunnlaget og at Den norske kyrkja er ei evangelisk – luthersk kyrkje.

Forslag frå **Torgeir Høien, UAH:**

1. Time kommune tilrår at dagens ordning med statskirke blir avvirket.
2. Time kommune mener at kirken bør være forankret i lov om trossamfunn og bli finansiert gjennom medlemsavgift.

Forslag frå **Anne Brit Ree, Ap:**

Pkt. 2 Time kommune tilrår at kyrkja har gravferdsforvaltninga vidare.

Pkt. 6 Val til sokneråd skal som ei prøveordning vera samtidig og i same lokale som stortings, eventuelt kommuneval/fylkestingsval.

**Avrøysting:**

Pkt. 1: Fellesforslag frå KrF og FrP vart vedtatt med 7 røyster medan 4 røysta for rådmannen sitt framlegg. (H, Ap og 2 Sp).

Pkt. 2: Fellesforslag frå KrF og FrP vart vedtatt med 10 røyster medan 1 røysta for Anne Brit Ree sitt forslag. (Ap).

Pkt. 3: Fellesforslag frå KrF og FrP vart vedtatt med 6 røyster medan 5 røysta for rådmannen sitt framlegg. (2 Sp, Ap, UAH og H).

Pkt. 4: Rådmannen sitt framlegg vart vedtatt med 6 røyster medan 5 røysta for fellesforslag frå KrF og Frp. (2 KrF, 2 FrP og V).

Pkt. 5: Rådmannen sitt framlegg vart vedtatt med 6 røyster medan 5 røysta for fellesforslag frå KrF og FrP. (2 KrF, 2 FrP og V).

Pkt. 6: Fellesforslag frå KrF og FrP vart vedtatt med 8 mot 3 røyster. (Sv, V og UAH).

Pkt. 7: Fellesforslag frå KrF og FrP vart vedtatt med 6 mot 5 røyster. (2 Sp, H, UAH og Ap).

Pkt. 8: Fellesforslag frå KrF og FrP vart vedtatt med 9 mot 2 røyster. (UAH og H).

Pkt. 9: Fellesforslag frå KrF og FrP vart vedtatt med 9 mot 2 røyster. (Sv og UAH).

**PØK-150/06 Vedtak:**

1. Time kommune tilrår at dagens ordning med statskyrkje vert avvikla.

2. Time kommune tilrår at kommunane overtek gravferdsforvaltninga.

3. Time kommune meiner at den lokale kyrkja bør eige kyrkjebygga og ha det økonomiske ansvaret.

4. *Time kommune meiner at det ikkje er rett å stilla krav om at kommunen sitt medlem i kyrkjeleg felle råd skal vera medlem av Den norske kyrkja. Ein ber om at førese gna til kyrkjelova § 29 blir endra på dette punktet.*
5. *Time kommune meiner at kyrkjelova §33 må opphevast og at staten overtek fullt ansvar for dei prestebustadene som staten måtta ha bruk for til sine tilsette.*
6. *Time kommune meiner at Den norske kyrkja bør vere forankra i Grunnlova.*
7. *Time kommune meiner at Den norske kyrkja bør finansierast med støtte frå det offentlege med noko medlemsavgift.*
8. *Time kommune meiner at valordningane bør auke bruken av direkte val til kyrkjas vedtakande organ.*
9. *Time kommune meiner at Grunnlov og kyrkjelov bør bygge på prinsippet om religionsfridom, det kristne humanistiske verdigrunnlaget og at Den norske kyrkja er ei evangelisk – luthersk kyrkje.*

## SAKA GJELD

Eit breitt samansett utval har arbeid med forholdet mellom stat og kyrkja i vel 2 år sidan oppnemning i mars 2003. Utvalet la i januar 2006 fram NOU 2006:2 Staten og den norske kyrkja. NOU-en er sendt ut til brei høyring med frist 1. desember 2006.

Heile NOUen er på vel 200 sider og kan lesast på internett på <http://www.dep.no/kkd/norsk/dok/hoering/bn.html> eller på <http://www.odin.no/filarkiv/270631/NOU00206-TS.pdf>

Vedlagt høyringsbrevet av 24.04.2006 og høyringsskjema på 8 punkt som viser kva ein frå departementet si side legg vekt på som dei sentrale høyringsspora. Vedlagt også samandraget, kapittel 2, som er på 9 sider.

## VURDERING AV PROBLEMSTILLINGANE I NOU-EN

### **Framleis statskyrkje?**

Spørsmålet om Norge framleis skal ha statskyrkje har vore opp fleire gonger dei siste tiåra. Det spørsmålet som synest å ha stått mest sentralt dei siste åra, er kven skal utnemne biskopane. Skal det framleis vera Regjeringa (Kongen i statsråd) eller skal dette gjerast av kyrkja sine eige organ.

Det kan neppe vera tvil om at Regjeringa, med skiftande politiske parti, har påverka kyrkja i ein meir liberal retning i ulike spørsmål.

Etter rådmannen si meining har dette vore ei ønskjeleg utvikling, og vi synest dette er eit så sentralt spørsmål, at det kan vera grunn til å halda fast på statskyrkje. Dette sjølv om vi ser at dette kanskje er ei sjølvmotseiing etterkvart som me i større og større grad har blitt eit fleirreligiøst samfunn.

### **FINANSIERING**

Det kunne på mange måtar vore greitt om staten finansierte kyrkja, men slik som me kjenner systemet, ville det skje ved eit trekk i rammetilskotet til kommunane. Time ligg under gjennomsnittet (rekna i kr pr innbyggjar) i utgifter til kyrkja, slik at trekket ville truleg blitt større enn utgiftene har kommunen i dag.

I hovudtrekk meiner rådmannen at ein kan føra vidare dagens ordning, men med nokre få justeringar (prestebustader), som ein vil koma tilbake til. Innføring av ei låg medlemsavgift kan vera eit alternativ men det ville føra til eit omfattande innkrevingsarbeid/administrativt arbeid. Skal dei som ikkje betaler medlemsavgifta bli ekskluderte frå kyrkja?

### **GRAVFERDSFORVALTNINGA**

Fleirtalet i utvalet foreslår at kommunane overtek ansvaret for gravferdsforvaltninga. Dette er rådmannen einig i.

Time kommune har i dag det praktiske arbeidet ved gravlegging og stell av gravplassane. Det skjer i praksis også ei dobbelt arkivføring, både i kommunen og på kyrkjekontoret. Festeavgiftene for graver, som i dag tilfelle kyrkja, ville i så tilfelle gå til kommunen som ei mindre medfinansiering av kommunen sine utgifter på dette området.

I og med at dette spørsmålet nå er reist av utvalet, synest det for tida lite aktuelt å overføra formell grunnboksheimel av gravplassane i Time til Time kyrkjeleg fellesråd.

## **KYRKJEBYGGA**

Soknet bør framleis eiga kyrkjebygga, sjølv om det pålegg kommunane eit finansieringsansvar. Rådmannen har tru på at når det formelle ansvaret ligg hos sokna, vil det opne opp for at ein del arbeid kan bli gjort på dugnad og/eller medfinansiering frå soknet.

Rådmannen synest også det er rett er at det er ei sterkare knyting mellom soknet og kyrkja, enn mellom soknet og gravplassen. Gravplassen skal nyttast av alle same kva religiøs tru ein har.

Vedlikehald av gamle kyrkjer er for mange kommunar ei stor utgift. Staten burde tatt eit større medansvar for fleire kyrkjer enn dei gjer i dag.

Bygging av nye kyrkjer er for dei fleste kommunar ei stor utgift når dette blir gjort. For mindre kommunar kan det gå mange tiår (eller hundreår) mellom kvar gong det blir bygt ny kyrkje. Når det først blir bygt, er dette eit stort løft. Det hadde vore ønskjeleg at staten tok eit større medansvar ved bygging av kyrkje. Ei vidare utbygging av rentestøtte ordning, kan vera ei løysing.

## **KOMMUNEN SIN REPRESENTANT I KYRKJELEG FELLESRÅD**

Kommunen skal velja ein representant til kyrkjeleg fellesrådet, kyrkjelova §12, b.

Når kommunen skal yta det meste av kyrkjeleg fellesråd sitt budsjett, blir fort kommunen sin representant noko mellom "finansminister" og kontrollutval. Det synest då lite rimeleg at kommunane er avskorne frå å velja representant som ikkje er medlem av Den norske kyrkja, kyrkjelova §29.

Departementet burde ordna med ein eigen generell dispensasjon for kommunen sin representant, etter fullmakta departementet har etter kyrkjelova §29, 2. setning. Det synest å vera lite rimeleg med dagens ordning med at biskopen skal godkjenne evt dispensasjon etter ei konkret vurdering av det einskilde kommunemedlem, som ikkje er medlem av Den norske kyrkja.

## **PRESTEBUSTADER**

Staten kan påleggje kommunane med heimel i kyrkjelova §33, å stille bustad til disposisjon for presten. Krava til bustad som Presteforeninga har fått igjennom er ikkje små, bustaden skal vera på minst 180 m<sup>2</sup>, 2 stover, 4 soverom, kontor, garasje til to biler. Derimot er refusjonen som staten betaler til kommunen for å stilla bustaden til disposisjon, liten.




Dei fleste prestane i sentrale område ønskjer å bu i sjølveigd bustad, slik at prestebustaden kan lett bli ståande tom. Noko som gir ytterlegare tap for kommunen.

Ordninga med kommunalt ansvar for prestebustadene var meir naturleg for hundre år sidan enn i dag. Den gong var det vanleg med offentleg bustad til presten og læraren. Dei bustadene som kommunen har i dag er omsorgsbustader til eldre og funksjonshemma, nokre bustader til flyktningar og andre særleg vanskelegstilte. Ingen av desse bustadene er eigna til prestebustad, og prestebustadene er lite eigna til bruk for kommunen sine andre leigetakarar.

Prestebustad var/(er?) eit personaltiltak for dei statleg tilsette prestane, og det bør vera på tide at staten tek dette personalansvaret sjølv og ikkje overfører desse personalutgiftene over på kommunane. Staten har mellom anna overtatt ansvaret for skyssutgiftene, finansiert ved trekk i rammetilskotet til kommunane.

Rådmannen i Time, den 30.10.06

  
Brit Nilsson Edland

  
Aud Steinsland  
økonomisjef

## Staten og Den norske kirke – Spørsmål til høringsinstansene

Type høringsinstans: Ap, Frp, H, Krf, Sp, Sv og V

- 7 Kommune (Politiske parti)
- Menighetsråd/kirkelig fellesråd/bispedømmeråd
- Prost/biskop
- Tros- eller livssynssamfunn utenfor Den norske kirke
- Frivillig organisasjon innenfor Den norske kirke
- Annen offentlig instans (Politiske parti)
- Annen privat instans

### 1. Hvilke overordnede prinsipper bør ligge til grunn for tros- og livssynspolitikken?

Hvert punkt utgjør svar fra et parti

1. Menneskerettene, med tros- og livssynsfrihet. Kirken skal innen for disse rammene ivareta den kirkelige kulturarven og være en åpen, tjenende og misjonerende kirke.
2. Staten bør være nøytral m.h.t. religion, men ikke m.h.t. moral/etikk. All offentlig politikk bør bestrebe religiøs og livssynsmessig nøytralitet: den lokale moskeen bør få samme støtte pr medlem som den lokale kirken. Dette bør inn i grunnloven. Kun reelle, noenlunde aktive medlemmer i DnK skal telle ved tildeling av støtten. Ikke-religiøse livssynsorganisasjoner bør likestilles kirkesamfunnene.

Kommunene plikter å vedlikeholde eldre kirker på samme måte som andre eldre offentlige bygg. Inntil videre bør kommunene fortsette å stelle med gravlunder.

Den norske Kirke fristilles staten.

3. Det må bygge på Norges grunnlov, norsk og vestlig tradisjon og kulturarv med basis i det kristne livssyn
4. Tro og livssynsfrihet for alle.  
Ingen trossamfunn skal politisk overstyres i lærespørsmål, i ansettelsessaker eller i andre saker med læremessige konsekvenser.  
Det må heller ikke benyttes økonomiske virkemidler til slik overstyring.

### 2. Den norske kirke som statskirke:

- 3 Bør fortsette
- 4 Bør avvikles
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

### 3. I hvilken lov bør Den norske kirke være forankret?

- 4 Grunnloven
- 1 Egen kirkelov vedtatt av Stortinget
- 2 Lov om trossamfunn
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

#### 4. Hvordan bør Den norske kirke finansieres?

- Gjennom medlemsavgift
- 1 Medlemsavgift med noe støtte fra det offentlige
- 4 Støtte fra det offentlige og med noe medlemsavgift
- 2 Offentlig finansiering uten medlemsavgift
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

#### 5. Hvordan bør valgordningene og demokratiet være dersom statskirkeordningen avvikles?

- 3 Valgordningene bør være som i dag
- 2 Øke bruken av direkte valg til kirkens besluttede organer
- 2 Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelle andre ordninger:

Et for oss svært viktig tillegg. Valget av sokneråd bør være samtidig og i samme lokal som Stortings- og kommunevalg. (I Bryne sokn er de med på en prøveordning der en velger halve rådet hvert annet år.)

Etter en fristilling av Den norske Kirke, skal kirken selv bestemme dette.

#### 6. Dersom statskirkeordningen avvikles, hva bør i så fall stå i § 2 (eller i en annen paragraf) i Grunnloven i tillegg til prinsippet om religionsfrihet?

(Her kan du/dere sette kryss på ett eller flere alternativer)

- Ingen tillegg
- 2 De politiske prinsipper som statsforfatningen bygger på; så som demokrati, rettstaten og menneskerettighetene
- 4 Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget
- Det humanistiske verdigrunnlaget
- 4 At Den norske kirke er en evangelisk-luthersk kirke
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelt annet:

#### 7. Hvem bør ha ansvaret for gravferdsforvaltningen?

- 5 Den lokale kirke (menighetsråd eller kirkelig fellesråd)
- 3 Kommunen
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

#### 8. Hvem bør eie og forvalte kirkebyggene?

- 5 Den lokale kirke bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
- 2 Den lokale kirke bør eie kirkebyggene, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret
- Kommunen bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
- 1 Vet ikke / ønsker ikke å svare

## SAMMENDRAG

Kultur- og kirkedepartementet sendte ut et spørreskjema for å lette arbeidet med oppsummeringen av høringen. Dette skjemaet ble sendt ut til de politiske partiene og samlet resultat av avkryssingen og andre svar vises ovenfor.

Det viser seg at kommunestyrets 7 partier har ulikt syn i saken.

4 parti har svart på overordnede prinsipp som bør ligge til grunn for tros- og livssynspolitikken – se punkt 1 ovenfor.

4 parti mener statskirken bør avvikles og 3 at den bør fortsette.

4 parti mener kirkens forankring bør være grunnloven.

4 parti mener finansiering bør være støtte fra det offentlige og med noe medlemsavgift.

3 parti mener valgordningene bør være som i dag og 2 vil øke bruk av direkte valg. Det nevnes også at sokneråd bør være samtidig og i samme lokal som Stortings- og kommunevalg.

Alle parti mener at Grunnlovens §2 skal ha tillegg til prinsippet om religionsfrihet dersom statskirken avvikles.

5 parti mener kirken skal ha ansvar for gravferdsforvaltningen og 3 mener kommunen skal ha ansvar. Et parti har krysset for begge.

5 parti mener den lokale kirke bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret, mens 2 mener kommunen bør ha det økonomiske ansvaret. Et parti har krysset på begge disse. Et parti vet ikke/ønsker ikke å svare.